



Dette er det nye soknerådet med unnatak av Tormod Myklebust, som ikkje var til stades. Frå venstre sit Gunvor Myklebust (første varamedlem), Gunnbjørg Stensletten Eik, og Møyfrid Einang Kristoffersen. Bak står, frå venstre, Mette Lauvsnes, Inger Anne Leite, Reidar Myklebust og sokneprest Sven Harald Nilsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det nye soknerådet i Uskedalen konstituerte seg tysdag kveld og Møyfrid Einang Kristoffersen vart vald til leiar og Gunnbjørg Stensletten Eik til nestleiar.. Inger Anne Leite er kasserar og Mette Lauvsnes skrivar.**



- Til lukke med vervet! Avgående soknerådsleiar Audun Eik gratulerar påtroppande leiar Møyfrid Einang Kristoffersen med valet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Reidar Myklebust og Tormod Myklebust er medlemmer og desse fem er varamedlemmer: Gunvor Myklebust, Ingunn Olsen, Jan Henrik Hansen, Kjell Yri og Torhild Einang Vivelid.

I arbeidsutvalet sit leiar, nestleiar og sokneprest Sven Harald Nilsen. Medlem av fellesrådet frå Uskedalen er nestleiareren med leiareren som varamedlem.

Den nye leiareren, som overtek etter Audun Eik, seier til uskedalen.no i kveld at ho er svært overraska over valet og at ho ikkje har nokon spesiell 'programerklæring'. Det er første gong ho går inn i og engasjerer seg i kyrkjeleg arbeid.

Til det seier den avgående leiar at ho vil møte eit miljø prega av stor kyrkjeleg aktivitet.

Under det 'nye' soknerådsvalet i Uskedalen i haust var det 112 av 739 røysteføre som røysta og frammøteprosenten var dermed 15.

Det var eit langt større frammøte enn då valet gjekk føre seg i kyrkja i kombinasjon med ei gudsteneste.

Av Ola Matti Mathisen